

Årsplan Fister barnehage 2023/2024

Visjon: Det beste for barnet!

Respekt, omsorg og tryggleik.

Innhaldsoversikt

1 Hjelmelandsbarnehagen

2 Om oss

3 Barnehagen sitt formål og innhald

3.1 Omsorg

3.2 Leik

3.3 Danning

3.4 Læring

3.5 Vennskap og fellesskap

3.6 Kommunikasjon og språk

3.7 Progresjon

4 Medverknad

4.1 Føresette si medverknad/samarbeid mellom heim og barnehage

5 Planlegging, dokumentasjon og vurdering

6 Overgangar

6.1 Når barnet er ny i barnehagen

6.2 Overgangar i barnehagen

6.3 Overgang mellom barnehage og skule/AFO

1 Hjelmelandsbarnehagen

Alle tilsette i alle barnehagane i Hjelmeland kommune har fokus på «det beste for barnet». Me ønsker å gje barna gode og trygge opplevingar, ut i frå deira eigne føresetnadar og utvikling.

Felles verdiar

Vår visjon og våre verdiar er barnehagane si rettesnor i det daglege arbeidet, både i forhold til det me seier, gjer og vektlegg i eit dagleg samspel med barna, foreldra og medarbeidarar.




Foto: Judith Bergøy

Årsplanen skal vise korleis barnehagen jobbar for å oppfylle krava i den nasjonale rammeplanen for barnehagen sitt innhald og oppgåver. Barnehagen sitt verdigrunnlag, som kjem fram i bhg.lova § 1 og i rammeplanen, skal verte formidla, praktisert og opplevd i alle delar av barnehagen sitt pedagogiske arbeid.

Utviklingsarbeid i Hjelmelandsbarnehagen

Hjelmelandsbarnehagen er med i regional kompetanseordning (REKOMP) i region Midt-Rogaland, i partnerskap med Universitetet i Stavanger (UiS).

Felles satsingsområde for barnehageåret 2023/2024

Satsingsområde (tema)	Innhald / tiltak
Vaksenrolla og personalet si relasjon- og samspelskompetanse i møte med alle barn	Partnerbarnehage (Rekomp): samarbeid om barnehagebasert kompetanseutvikling i partnerskap med UiS, knytta til satsingsområde
	Lærande nettverk/kjernenettverk (partnerskap m/ UiS+PPT)
	Kurs for tilsette i Circle of Security (COS)/ tryggleikssirkelen. Dette er eit rettleiingsprogram som kan hjelpe til med å forstå barnet betre, med fokus på vaksenrolla
Kompetanseløftet for spesialpedagogikk og inkluderande praksis	Lærande nettverk/kjernenettverk (partnerskap m/ UiS+PPT)
	Spesialpedagogisk nettverk for hjelmelandsbarnehagen
Leiarutvikling (leiing av kollektive refleksjons- og læringsprosessar/ barnehagebasert kompetanseutvikling)	Lærande nettverk/kjernenettverk (partnerskap m/ UiS+PPT)

Hjelmelandsbarnehagen som miljøfyrtårn

Barna skal lære å ta vare på seg sjølv, kvarandre og naturen, og barnehagen har ein viktig oppgåve i å fremme verdiar, haldningar og praksis for meir berekraftige samfunn. (Rammeplanen, 2017)

Alle barnehagane er sertifisert som miljøfyrtårnbedrift. Dette inneber at dei har systematisk arbeid med miljøtiltak i arbeidskvardagen, og leverer årlege miljørapportar for si verksemd. Barnehagen skal og bidra til at barna forstår at handlingar i dag har konsekvensar for framtida.

2 Om oss

Fister barnehage er eigd av Hjelmeland kommune.

Barnehagen har to avdelingar:

- Marihøna som er for dei yngste
- Sommarfugl som er for dei eldste barna

Avdelingane held til i kvart sitt hus. Både inne og uteområda er store og romslege.

Barnehagen har flott natur rundt seg. Me har gangavstand til skog, fjell, vatn og sjø. Dette nyttar me oss ofte av.

Barnehagen vert driven i trå med barnehagelov, rammeplan og andre gjeldande lovar og forskrifter.

3 Barnehagen sitt formål og innhald

3.1 Omsorg

Barnehagen skal ivareta barna sitt behov for omsorg, jf. rammeplanen (2017):

- Omsorg er ein føresetnad for barna si tryggleik og trivsel, og for utvikling av empati og nestekjærleik.
- Barnehagen skal gje barna moglegheit til å utvikle tillit til seg sjølv og andre.
- Alle barna skal oppleve å bli sett, forstått, respektert og få den hjelp og støtte dei har behov for.
- Barnehagen skal aktivt legge til rette for omsorgsfulle relasjonar mellom barna og personalet og mellom barna, som grunnlag for trivsel, glede og meistring.

Slik gjer me det hjå oss:

- Gje barn og foreldre ein god start på dagen
- Vise glede for at akkurat ho/han kjem
- Barnet skal bli bekrefta, forstått og verdsatt
- Ta omsyn til at barn er ulike og har ulike behov
- Omsorg og varme i alle situasjonar

3.2 Leik

Barnehagen skal ivareta barna sitt behov for leik, jf. rammeplanen (2017):

- Leiken skal ha ein sentral plass i barnehagen, og leiken sin eigenverdi skal verte anerkjent.
- Barnehagen skal ha eit fysisk miljø som støttar barna si utvikling og sosiale og språklege samhandling.
- Barnehagen skal legge til rette for eit inkluderande miljø der alle barna kan oppleve glede og engasjement gjennom leik.

Slik gjer me det hjå oss:

- Aktive og deltakande vaksne både inne og ute
- Barnehagen skal tilby variert leikemateriale
- Gje barna felles opplevingar og referanseramar
- Ha fokus på leik og vaksenrolla på personalmøter og i utviklingsarbeid
- Oppmuntre og tilføre leiken nye element
- Skjerme leiken (lukke dører)
- eikegrupper
- Felles regelleiker, t.d. raudt lys, fisken i det røde hav

3.3 Danning

Barnehagen skal fremme danning, jf. rammeplanen (2017):

- Barnehagen skal støtte barna i å vere prøvande og nysgjerrig til omverda, og bidra til å leggje grunnlag for modig, sjølvstendig og ansvarleg deltaking i demokratiske fellesskap.
- Barnehagen skal fremme samhold og solidaritet samstundes som individuelle uttrykk og handlingar skal verte verdsett og følgd opp.
- Barnehagen skal bidra til at barna kan forstå felles verdiar og normer som er viktige for fellesskapet, og fremme barna si tilhøyrse til samfunnet, natur og kultur.
- Barna skal få delta i prosessar ved avgjersler og utvikling av felles innhald. Barna skal støttast i å uttrykke synspunkt og skape meining i den verda dei er ein del av.

Slik gjer me det hjå oss:

- Gode dialogar
- Vaksne som reflekterer over eigen praksis
- Gje barna relasjonar og aktivitetar som dei opplever er meningsfylte
- Ha forventningar til barnet
- Gje barna sosial kompetanse
- Lære barna å hevde seg sjølv på ein positiv måte
- Bry seg og ha omsorg for andre

3.4 Læring

Barnehagen skal fremme læring, jf. rammeplanen (2017):

- Barna skal oppleve eit stimulerande og utforskande miljø som fremmer barn si nysgjerrigheit og lærelyst.
- Barnehagen skal sørge for utvikling og progresjon innanfor alle fagområda i rammeplanen.
- Barnehagen skal støtte og berike barna sine initiativ og gje dei utfordringar og tiltru til egne evner.

Slik gjer me det hjå oss:

- Gje barna erfaringar
- Gje barna opplevingar
- Gje barna utfordringar etter alder og modning
- God tid for leik
- Vaksne som støttar
- Vise barna tillit

3.5 Vennskap og fellesskap

Barnehagen skal fremme vennskap og fellesskap, jf. rammeplanen (2017):

- I barnehagen skal alle barn få oppleve seg sjølve som verdifulle, få vener og bidra i eit sosialt fellesskap.

- Barna skal verte støtta i å sette eigne grenser, respektere andre sine grenser og finne løysingar i konfliktsituasjonar.
- Barnehagen skal førebygge, stoppe og følgje opp diskriminering, utestenging, mobbing, krenkingar og uheldige samspelsmønstre.

Trygt og godt barnehagemiljø i hjelmelandsbarnehagen

Det er eit mål at alle barn skal ha det trygt og godt i barnehagen, og vere ein del av eit inkluderande barnehagemiljø. Det viktigaste arbeidet med dette skjer i barnehagekvardagen i lag med barna. Det er utarbeida ein felles plan for korleis barnehagane skal jobbe for å fremme eit trygt og godt barnehagemiljø, førebygge mobbing og anna krenkande åtferd, samt korleis dei skal handtere dette (aktivitetsplikt). [Barnehagemiljø og mobbing - Hjelmeland kommune](#)

Slik gjer me det hjå oss:

- Alle barna skal få oppleve å høyre til
- Tilstadeverande og observerande vaksne
- Personalet støttar og rettleier barna i samspel med andre
- Hjelp barna inn i leik
- Ved å dele barna inn i mindre grupper
- Vaksne som jevnleg arbeider med dette temaet på møter
- Samarbeide med dei føresette

3.6 Kommunikasjon og språk

Barnehagen skal fremme kommunikasjon og språk, jf. Rammeplanen (2017):

- Barnehagen skal støtte barna sin bruk av språk som reiskap for å tenkje og gje uttrykk for eigne meiningar og kjensler.
- Alle barn skal få god språkstimulering gjennom barnehagekvardagen.
- Barnehagen skal fange opp og støtte barn som treng ekstra støtte i si språkutvikling.

Slik gjer me det hjå oss:

- Gode samtalar med barna
- Stille opne spørsmål
- Ta utgangspunkt i det barna er opptekne av
- Leike med bokstavar og lydar
- Tilgang på bøker
- Lesegrupper
- Rim og regler
- Song
- Spela ulike spel

- BRAVO-leiken

3.7 Progresjon

Alle barna i barnehagen har rett til å oppleve progresjon i barnehagen sitt innhald, og få utvikle seg, lære og oppleve framgang. Me i personalet skal legge til rette for at barna møter varierte leiker, aktivitetar og læringsmoglegheiter. Barna skal få utfordringar tilpassa erfaringar, interesser, kunnskap og ferdigheiter. Barna i barnehagen skal oppleve meistring, samstundes som dei møter utfordringar dei kan strekke seg etter. Dei skal få nye erfaringar og opplevingar i barnehagen. Me skal ha varierte leiker og material som sørger for at barna opplever progresjon.

4 Medverknad

«Barnehagen skal ivareta barnas rett til medvirkning ved å legge til rette for og oppmuntre til at barna kan få gitt uttrykk for sitt syn på barnehagens daglige virksomhet, jf. Barnehageloven § 1 og § 3, Grunnloven § 104 og FNs barnekonvensjon art. 12 nr. 1. (...) Barnehagen skal være bevisst på barnas ulike uttrykksformer og tilrettelegge for medvirkning på måter som er tilpasset barnas alder, erfaringer, individuelle forutsetninger og behov. (...) Barnas synspunkter skal tillegges vekt i samsvar med deres alder og modenhet.» (Rammeplanen, 2017)

Kvart enkelt barn skal oppleve å bli sett, høyrst og forstått av anerkjennande, tydelege og ansvarsfulle vaksne. Betydninga av dette kjem også fram når me snakkar om trygt og godt barnehagemiljø for alle barn i barnehagen.

Våre tiltak for å sikre barn si medverknad:

- Engasjerte tilsette som lyttar og viser interesse for barna sine uttrykk.
- Gje barna tid og rom slik at dei kan kome med sine tankar og betraktningar, og skape felles undring i lag.
- God dialog med dei føresette om kva barna er opptekne av.
- Vera sensitive og lyttande vaksne.
- Observasjon.
- Barnesamtalar med dei eldste barna.

4.1 Føresette si medverknad/samarbeid mellom heim og barnehage

«Barnehagen skal ivareta foreldrenes rett til medvirkning og arbeide i nært samarbeid og forståelse med foreldrene, jf. barnehageloven § 1 og § 4. Samarbeidet mellom hjemmet og barnehagen skal alltid ha barnets beste som mål. Foreldrene og barnehagens personale har et felles ansvar for barnets trivsel og utvikling.» (Rammeplanen, 2017)

- Barnehagen legg til rette for foreldresamarbeid og god dialog med føresette. Dette skjer både på individnivå og gruppenivå. På individnivå m.a. gjennom foreldresamtalar, dialog i dei daglege bringe- og hentesituasjonane og dialog omkring individuell tilrettelegging for enkeltbarn. På gruppenivå gjennom m.a. foreldremøte, foreldrerråd og samarbeidsutval (SU).

5 Planlegging, dokumentasjon og vurdering

Barnehagen skal planlegge, dokumentere og vurdere det pedagogiske arbeidet. Barn og føresette har rett til medverknad i desse prosessane.

Planlegging

«Planlegging gir personalet grunnlag for å tenke og handle langsiktig og systematisk i det pedagogiske arbeidet. Planleggingen skal bidra til kontinuitet og progresjon for enkeltbarn og barnegruppen. Planleggingen synleggjør hvordan barnehagen fortolker og realiserer rammeplanen og skal være utgangspunkt for refleksjon og utvikling av virksomheten.» (Rammeplanen, 2017)

- Personalet planlegg det pedagogiske arbeidet gjennom periodeplanar (vekeplan, månadsplan) og årsplan. Periodeplanar vert delt med dei føresette via barnehagen sin kommunikasjonskanal. Nokre periodeplanar vert og hengt opp i barnehagen. Årsplanen vert gjort tilgjengeleg for føresette og andre interesserte på heimesida til kommunen.

Dokumentasjon

«Dokumentasjon av det pedagogiske arbeidet kan gi foreldre, lokalmiljøet og kommunen som barnehagemyndighet informasjon om hva barn opplever, lærer og gjør i barnehagen, og om hvordan barnehagen oppfyller kravene i barnehageloven og rammeplanen.» (Rammeplanen, 2017)

- Det pedagogiske arbeidet vert m.a. dokumentert gjennom vår kommunikasjonskanal, gjennom vekeplan/månadsbrev/dagsrapport, bilete, ulike oppslag og barna sine kreative uttrykk hengt opp i barnehagen.

Vurdering

«Hovedformålet med vurderingsarbeidet er å sikre at alle barn får et tilbud i tråd med barnehageloven og rammeplanen. (...) Felles refleksjoner over det pedagogiske arbeidet kan gi personalet et utgangspunkt for vidare planlegging og gjennomføring, (...) og bidra til å utvikle barnehagen som pedagogisk virksomhet». (Rammeplanen, 2017)

- Me vurderer og reflekterer over det pedagogiske arbeidet i ulike møter og utviklingstid gjennom året, og evaluerer årsplanen. Me tek med oss synspunkt frå føresette gjennom SU, foreldreundersøkinga og foreldresamtalar.

6 Overgangar

6.1 Når barnet er ny i barnehagen

Barnehagen skal i samarbeid med foreldrene legge til rette for at barnet kan få en trygg og god start i barnehagen. Barnehagen skal tilpasse rutiner og organisere tid og rom slik at barnet får tid til å bli kjent, etablere relasjonar og knytte seg til personalet og til andre barn. (Rammeplanen, 2017)

- Det blir sendt ut eit informasjons/velkomstskriv når barnehagestarten nærmar seg
- Får utdelt primærkontakt
- Tilbod om å koma på besøk i barnehagen
- Tilbod om å få besøk av kontaktperson heime før barnet byrjar
- Minimum 3 tilvenningsdagar, meir ved behov

6.2 Overgangar i barnehagen

Overganger skjer også innad i barnehagen. Personalet skal sørge for at barn og foreldre får tid og rom til å bli kjent med barna og personalet når de bytter barnegruppe. (Rammeplanen, 2017)

- Barnet går på besøk til stor avdeling på våren og sommaren for å bli kjent med avdelinga og dei vaksne der.
- Førebu barnet på det som skal skje.
- Velkomstskriv før start.
- Får primærkontakt.

6.3 Overgang mellom barnehage og skule/AFO

«Barnehagen skal i samarbeid med foreldre og skolen legge til rette for at barna kan få en trygg og god overgang fra barnehage til skule og eventuelt skulefritidsordning.» (Rammeplanen, 2017)

Me har utarbeida ein felles plan for overgang mellom barnehage og skule/SFO.